

MØSSTROND SNØSCOOTERKLUBB
c/o Marie Larsen Totakvegen 67
3864 RAULAND

Dato: 07.01.2026
Vår referanse: 2025/8971-3
Sakshandsamar: Kjell Christenson

Delegert vedtak
Kommunalsjef kultur, næring og fritid - nr. 10/26

Svar på søknad om snøskuterløype til Familiedag

Vedtak

Vinje kommune gjev dispensasjon til Møsstrond snøskuterklubb i høve familiedag 11.04.2026, eit felles løype frå Varland/Haug, Steinbakken, Krossen og Vierli i løypenettet til Hovden på Møsstrond i samsvar med vedlagte kartutsnitt langs eksisterande slepe. Løypet gjeld for deltakarar på Familiedag, og gjeld kun køyring til / frå arrangementet. Løype gjeld 11.04.2026 og i tidsrommet 10.04-12.04.2026 ved overnatting på Møsstrond turisthytte.

Bakgrunn

Møsstrond snøskuterklubb har søkt om felles løype i løypenettet til Hovden i anledning Familiedag 11.04.2026. Møsstrond snøskuterklubb skipar til Familiedag laurdag 11.04. 2026 på øya Hovden og det er ope for alle som ynskjer å vera med. Då det er veglaust til Hovden treng dei eit felles løype for dei som skal inn på Familiedagen. Det skal arrangerast samen med Møsstrond turisthytte der det blir mat og overnatting. Dette er ei årleg tilskipping og viktig sosialt og kulturelt for bygda Møsstrond som ein stor del er veglaus, og båt og skuter er framkomst middel.

Vurdering:

Søknaden dreiar seg om eit felles løype i løypenettet og inn til Hovden på Møsstrond langs eksisterande slepe.

Hovden er utan vegforbindelse og skuter er eit egna framkomst middel i denne samanhengen. Ein kan ikkje sjå at det vil vera vesentlege ulemper ved å innvilga ein slik midlertidig tidsavgrensa dispensasjon.

Søknaden er vurdert etter naturmangfaldlova §§8-12 utan spesielle merknadar til dette.

Dokument i saka

- Kartutsnitt
- Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag (motorferdsellova)
- Forskrift for bruk av motorkjøretøyer i utmark og på islagte vassdrag
- Retningslinjer for handsaming av søknader etter motorferdselslova - vedteke i kommunestyret 15.12.2016, sak 2016/119

Med helsing

Kjell Christenson

konsulent

Kultur, næring og fritid

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Vedlegg

1

Dispensasjon

Mottakarar:

MØSSTROND SNØSCOOTERKLUBB

I tråd med formannskapsvedtak 04.09.2025, skal ein ved utskriving av løyve til motorferdsel i utmark fakturere løyvehavar kr 315,- for kostnadar knytt til utskriving av løyvet. Faktura blir ettersendt.

Informasjon om retten til å klage

Jf. forvaltningslova § 28, kan du klage på vedtaket. Klagefristen er tre veker rekna frå den dagen då brevet kom fram til mottakar. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut.

Klaga sender du skriftleg til Vinje kommune. Skriv kva for vedtak det klagast over, den eller dei endringane som er ynskjeleg og dei årsaker du vil gje for klaga. Dersom du klager så seint at det kan vere uklart for oss om du har klaga i rett tid, blir du beden om å gje opp dato då denne meldinga kom fram.